

livets gang

tips oss: telefon 57 88 53 10 e-post redaksjon@fjordabladet.no



Nordmenn gjer skattetabbar

NPK-NTB: 520.000 nordmenn droppar ein grundig sjekk av skattemeldinga før dei sender den inn, viser ei ny undersøking.

– Skattetabbe av dimensjonar, meiner økonom.


Siste frist for å sjekke og endre skattemeldinga for i fjor nærmar seg. Ved midnatt tysdag 30. april stenger Skatteetaten denne moglegheita, og for dei som ikkje gjer endringar eller søker om utsettjing, blir meldinga levert inn automatisk slik ho er.

Det kan i verste fall bety at ein betaler meir skatt enn ein eigentleg må, eller at ein må betale straffeskatt viss skattemeldinga inneheld feil.

Ein av ti svarar at dei hoppar over alle tala og berre sjekkar om dei får pengar tilbake eller baksmeil når dei les skattemeldinga. Det svarer til 480.000 nordmenn.

Nordfjord Nærradio


Onsdag 1 mai.
KII 2015. Oppladning, tlf. 57860660.
Gullpott kr 12000- 55 trekte tal.
KI 2030. BINGO! Vert Britt Myrød.
Teknikk Ruben Petersen Heggen.
Fredag 3 mai.
KI 2100. Myklebustskipet vart sjøsett laurdag 27 april. Vi har laga ca. 1 times program om storhendinga.
Ansvarleg John Roar Øien.
KI 2200. Fredagskveld med Odd og John Roar i studio.
Tlf 57860660.
Teknikk Ruben Petersen Heggen
Ans. red John Roar Øien.



TEK VARE PÅ HISTORIA: Steinar Hilde driv firmaet Filmdigitalisering AS i Innvik. Hovudarbeidet er å føre gamle filmar over til digital utgåve. Han arbeider også med å lage historiske filmar, mellom anna om fjordhesten som blir vist på Eid i morgen.



HISTORISK: Filmen om fjordhesten viser hesten i sitt eige miljø, i arbeid og på utstilling på Vestlandet.



UTSTILLING: Mange av klippa viser fjordhesten på utstilling.

Skal vise historisk film om fjordhesten

Onsdag 1. mai blir ein film om fjordhesten vist på Nordfjord hotell. Steinar Hilde har sett saman filmen, ikkje minst med materiale frå Karstad-arkivet.

Det er i samband med at Nordfjord fjordhestlag i år kan feire 100 år at denne filmen blir vist på Nordfjord hotell i morgen kveld. Filmen er på ein time og viser fjordhesten gjennom 33 år, frå 1938 til 1971.

Dette er ein del av Nordfjord fjordhestlag si markering av at laget i år rundar 100 år. Ved siden av filmen inviterer fjordhestlaget på ein liten minikonsert med framføring av ein nyskriven fjordhestsong, velkomstaperitif og høve til å smake på den lokale krimlikoren Fjording, også med eit alkoholfritt alternativ.



SAMLAR FJORDHESTEN: Stenar Hilde har leita opp ei rekke gamle filmar om fjordhesten. No kjem dei fram i lyset, og blir bevart for ettertida ved hjelp av digitalisering.



HEST OG FOLK: Gjennom generasjonar har utstilling av fjordhesten samla mykje folk. I morgen kveld kan ein oppleve dette i filmen som blir vist på Nordfjordeid.



HESTEKARANE: For nokre tiår tilbake var det hestekarane som dominerte fjordhestarbeidet, og samla seg til alvorleg prat kring ringen. I dag har jentene minst like stor plass i arbeidet med fjordhesten. **FOTO: ALLE BILDE ER FRÅ STEINAR HILDE SITT FILMARKIV**

**FOLK**

Gratulasjonar, fødde, jubilantar, nygifte, vi giftar oss og forlovingar

Legg inn tekst og bilde til nett- og papiravisa på folk.fjordabladet.no

Prisen er 100 kroner (nett + papir). Bestilling og betaling gjer du på folk.fjordabladet.no.



HAR NAMNEDAG:
Gitte Buch-Hansen

NAMNEDAG

I dag er det namnedagen til Gitte og Gina. Gitte, kortform av Birgitte. Gina, kortform av nman på -gina, til dømes Regina.

●● Bak dei fleste vellukka kvinner står ein mann som svikta henne

Naomi Bliven



KARSTAD-ARKIVET: Olav Karstad (1886–1964) var rektor på Mindresunde/Langvin jordbrukskule fra 1920 til 1954. Han var også ivrig med filminn, og etterlot seg eit større filmarkiv.

●● Mitt mål er å ta vare på historia gjennom å lage desse filmane

Steinar Hilde

Det er Steinar Hilde frå Innvik som står bak filmen. Han har laga den gjennom å digitalisere eldre filmar, ikkje minst frå Karstad-arkivet.

– Olav Karstad var rektor på Mindresunde jordbrukskule og Langvin jordbrukskule. Han var også ivrig med å filme, både hestar og andre husdyr. Ikkje minst reiste han rundt på ulike utstillingar og tok opp film, seier Steinar Hilde som sjølv leita etter filmar frå Karstad-arkivet gjennom nær 15 år.

Til slutt sat han med 30 filmar som Karstad har filma, og av dette har Hilde laga den historiske fjordhestfilmen Filmane til Karstad viser fjordhesten fram til 1950-talet. Etter det har Hilde henta fram andre filmar, som også er med i fjordhestfilmen. Ikkje minst av fjordhestmannen Arne Myklebust frå Sandane, som også var ivrig med filmkameraet i høve til fjordhesthendingar. Filmen som blir vist i morgen kveld varer ein time, der det også er med fargefilm av eldre dato.

– Eg har reinsa desse filmane og ført dei over til digital utgåve. Det gjer det heile til ei god filmoppleveling på eit større lerret, seier Hilde som også tidlegare har laga historiske filmar. Då er det alltid mange som gjerne vil kjøpe filmen.

– Eg reknar med at mange gjerne vil kjøpe denne filmen også. Men på grunn av opphavsrettar har eg ikkje høve til å selje ein slik film. Dette håpar eg folk vil akseptere. Men eg viser gjerne filmen fleire gonger, både på Nordfjordeid og andre stadar. Om nokon vil lage til eit arrangement for å vise filmen er det berre å ta kontakt, seier Hilde som understrekar at det ligg veldig mykje arbeid bak ein slik film, og at mykje av målet er å bevare denne historia for ettertida.

– Mi oppgåve er å lage slike historiske filmar medan det enno er mogleg, og det gamle kjeldematerialet er råd å få tak i. Så håpar eg at fjordhestfilmen og andre historiske filmar som eg har laga blir teke vare på som ei historisk kjelde i framtida, seier Hilde.

Olav Karstad var særstak ivrig med filmkameraet gjennom eit par tiår. Som rektor ved landbrukskulen på Mindresunde, som seinare blei flytta til Langvin, var interessa for husdyr naturleg. Han var også sekretær i Norsk Landmannsforbund (Norges bondelag). Karstad fekk tildelt Sogn og Fjordane landbrukselskap sin gullmedalje og ei rad andre heiðersteikn.

INGER TRÆEN
inger@fjordabladet.no



Cashlåtar på Fjordly

Sindre Løvik og JC-band inviterer deg til å kome til Fjordly Ungdomssenter for å høre kjente og kjære Johnny Cashlåtar. Fleire songarar og musikarar tek del: Sigrid Tønnesen, Sondre Bjørkedal, Kjersti Aksnes, Kari Laila Aksnes og Ove Aksnes. Her vert det mykje god og gamaldags country song og -musikk. Det vert òg kaffi, kaker og tid til prat. Alle er hjarteleg velkomne.

Salet av lokalmat aukar

Daglegvarebutikkane selde lokale matvarer for fem milliardar kroner i 2018. Men lokalmatveksten er ikkje like stor som før og har snarare flata ut, skriv Nationen.

Dei tre siste åra har veksten vore mindre enn 500 millionar kroner, og det er langt igjen til målet om eit årleg lokalmatsal på ti milliardar kroner.

Dei aller fleste av dei rundt 550 lokalmatprodusentane rundt om i landet omset dessutan for mindre enn ein million i året. Administrerande direktør Nina Sundquist i Matmark ser gjerne at fleire kryssa milliardgrensa.

– Produsentane kan ikkje leve av lokalmat-idealisme. Det må vere lønnsamt, elles er det ikkje berekraftig.

NPK

DØDSFALL

Mi inderleg kjære kone, vår gode omsorgsfulle mamma, svigermor, snille bestemor og besta. Mi syster, vår svigerinne og tante

Magnhild Sunde

f. Bakke

døydde i heimen med sine nære rundt seg, nær 78 år gammal.
Davik, 25. april 2019

Jon

Rune - Hilde
Margunn - Jens

Jørgen, Mina, Martin, Jone, Jørgine, Adele, Sara

Slekta elles

*Når kirkeklokken kimer
og jorden faller på.
Da står eg for Guds åsyn
med livets krone på.*

Gravferd frå Davik kyrkje fredag 3. mai kl. 12.00. Alle som vil følge Magnhild til den siste kvillestaden er hjarteleg velkomne. I staden for blomar ønskte Magnhild ei minnegåve til kreftsaka.



Mi kjære syster, vår gode tante, grandtante og søskerbarn

Olina Nora Haugen

f. 6. august 1931

sovna stille inn på Smestadhuset, Oslo 28. april 2019.

Olav (bror)

Nils Paul
Paul Morten
Margun Kathrin

Sander, Eline, Jonas, Simen
Slekta elles

*Ditt gode smil,
di varme hand
du gav til oss alle.
Di omsorg for oss var så stor,
og sårt vi vil deg sakne.*

Gravferd
frå Hornindal kyrkje,
tysdag 7. mai kl. 12.00.

I staden for blomar,
gje heller ei minnegåve
til Hornindal kyrkje.



Vår gode pappa
og svigerfar, vår snille bestefar,
bror og onkel

Olaf Arnar Åsebø

f. 17. september 1935
døde fra oss i dag.
Bergen 23. april 2019.

Atle
Hilde-Karin
Martin (bror)
Jofrid (søster)

Vigdis
Knut
Synnøve, Ole, Amanda
Toril

Nieser og nevøer
Øvrige familie

*Et strevsomt liv har ebbet ut,
en flittig hånd er dovenet.
Din arbeidsdag har nå tatt slutt,
ditt gode hjerte sovnet.*

Bisettes i
Slettebakken kirke
fredag 3. mai kl. 12.00.

Like kjært som blomster,
er en gave til
Norges Parkinsonforbund,
kontonr. 6116 05 31176
Merk gaven med avdødes navn.
Gave kan også gis via
www.gravferdshjelpen.no



Mi kjære mor, svigermor,
søster og vår tante

Kristin Nilsen

f. Torvik, 31. august 1939
døyde 22. april 2019,
79 år gammal, på
Lovisenberg sykehus i Oslo.

Therese
Randi
Ole-Jon
Roy-Olav
Atle-Hjørn

Jan
Karen
Camilla

Gravferd
frå Nordre gravlund
i Oslo 7. mai kl. 12.00.
Minnestunda vert
avslutta ved grava.

MINNEORD

Fjordabladet tar imot minneord om avdøde personar inntil tre månadar etter dødsfallet.

– Omtalen må innehale avdøde sin alder og dødsdato. Teksten må vere skrive i omtaleform, dvs. ikkje du-form.
– Omtalen skal vere signert.

Send gjerne med bilde i jpg-format.
Omtalen bør avgrensast til 1500 teikn – inkludert mellomrom. Vi forbehold oss retten til å redigere teksten.
Minneord blir trykt i avis
etter kvart som det er plass. Dette er ei gratis teneste. Send minneordet til redaksjon@fjordabladet.no